

Stor byggjeaktivitet ved Tverrelva kraftverk.

07.09.2016



Helikopteret på veg til fjells med betong

For tida er det stor aktivitet i arbeidet med Tverrelva kraftverk. Arbeidet føregår på fleire frontar, både oppe på fjellet og på beitet til Arne Johs Haugland. I dag har bygdefolket lagt merke til at det har vore mange helikopterturar frå Haugland og opp til flells.

Med helikopter på plass har dei fått transportert fleire ting til fjells. Først og fremst har det blitt transportert betong til støyping av inntaksdammen i elva. Det har også blitt transportert opp singel og materialar som skal brukast under forskalingsarbeid i vatnet. Dessutan skal ein også nytta høve til å få foke ei brakke til fjells. Helikoptertransporten har gått fint, men dei møtte utfordringar tidlegare i dag då dei måtte venta litt på grunn av skodde.

Grunnarbeidet og alt betongarbeidet til sjølve kraftstasjonen er ferdig, og det er venta at byggjearbeidet held fram innan ein månad. Oppover beitet vert det no gjort grave- og sprengingsarbeid for røyrgata frå utslaget frå tunnrelen og ned til kraftstasjonen. Det ser ut til at det vert ein god del sprengingsarbeid i samband med det. Det er Byggservice som står for gravearbeidet medan det er Christian Tveiten som tar seg av sprenginga. Han utfører også sprengingsarbeidet oppe på fjellet.

Bileta nedanfor er frå arbeidet oppe på fjellet. Dei 3 første vart tekne for borti 2 veker sidan, medan dei 2 siste vart fotografert sist søndag.











Tekst og nett: Thor Inge Døsland
Foto: Ståle Eik, Kristian Bringedal og Thor Inge Døsland